

Ole André Klausen

Fra: Finden Svenn Egil <svenn.finden@vegvesen.no>
Sendt: 22. mai 2018 12:06
Til: Ole André Klausen
Kopi: Lobenz Vigdis
Emne: SV: Atløysambandet vidare planlegging

Hei,

Statens vegvesen kan utarbeide reguleringsplan for Atløysambandet dersom Fylkeskommunen ynskjer det. Det kan føre til at andre prosjekt må skyvast ut i tid eller at ein må bruke meir konsulent enn det Statens vegvesen hadde planlagt.

Askvoll kommune har utarbeid kommunedelplan for prosjektet. Statens vegvesen har ikkje leia planlegginga her so langt, og vi treng difor fleire opplysningar for å kunne sei noko om framdrift og kostnad på reguleringsplan. Planseksjonen hadde reguleringsarbeidet for eit tilsvarande prosjekt i 2017; Ytre Steinsund bru. Då var reguleringsplanen basert på eit forprosjekt inkludert forprosjekt bru utarbeida av Statens vegvesen våren 2017. Med grunnlag i forprosjektet fekk vi ei rask framdrift på reguleringsplanen hausten 2017.

Planseksjon har ikkje fått tid til å sette seg inn i kommunedelplanen som kommunen har fått utarbeida. Denne vil vera eit viktig grunnlag for ein reguleringsplan og difor vil kvalitet og detaljeringsgrad på dette arbeidet ha mykje å sei for kostnad og framdrift.

Kostnad er avhengig av om vi har det vi treng av grunnlag på bruprojektering, behov for undersøkingar (grunnundersøking), boring for brupillarar osv. Vi forutset at det er utarbeidd konsekvensutgreiing slik at ein ikkje treng å ha KU samtidig med regulering.

Vi kan førebels stipulera kostnaden til ca. 3 millionar.

Tid til å utarbeide ein reguleringsplan er stipulert til eitt år, men også her treng vi å gjera ei konkret vurdering av kva grunnlag vi kan bygge på. Planprosessen i seg sjølv tek i underant av eitt år.

Med helsing
Svann Egil Finden

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER
Kontoradresse: Askedalen 4, LEIKANGER
Mobil: +47 95148614 **e-post/Skype:** svenn.finden@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Finden Svann Egil
Sendt: 16. mai 2018 13:38
Til: 'Ole André Klausen' <Ole.Andre.Klausen@Askvoll.kommune.no>
Emne: SV: Atløysambandet vidare planlegging

Hei,

Typisk i slike prosjekt er at Ressurs planlegg ca 30-40% sjølve, resten er konsulentkjøp. Vi har kapasitet til å gjennomføre reguleringsplan men det vil krevje mykje konsulentkjøp. Eg ventar på svar på vurderingar av kostnad og framdrift/tidsplan.

Med helsing
Svenn Egil Finden

Vegavdeling Sogn og Fjordane

Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER

Kontoradresse: Askedalen 4, LEIKANGER

Mobil: +47 95148614 **e-post/Skype:** svenn.finden@vegvesen.no

www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Ole André Klausen [<mailto:Ole.Andre.Klausen@Askvoll.kommune.no>]

Sendt: 11. mai 2018 14:30

Til: Finden Svenn Egil <svenn.finden@vegvesen.no>

Emne: SV: Atløysambandet vidare planlegging

Hei

Er du komme lengre her?

Beste helsing, ein litt ivrig
Ole André Klausen
Ordførar Askvoll

Fra: Finden Svenn Egil [<mailto:svenn.finden@vegvesen.no>]

Sendt: 8. mai 2018 11:45

Til: Ole André Klausen <Ole.Andre.Klausen@Askvoll.kommune.no>

Emne: SV: Atløysambandet vidare planlegging

Hei,

Kjem attende til deg i morgon på dette.

Eg har fått svar frå ressurs men eg må sjekke nærmare med dei kva fordeling dei ser for seg innafor dei forskjellige fagfelta.

Det er alltid ei mix av eigne ressursar og innleige. Det er denne fordelinga for kvart fagfelt eg vil diskutere med dei.

Svenn Finden

Fra: Ole André Klausen [<mailto:Ole.Andre.Klausen@Askvoll.kommune.no>]

Sendt: 8. mai 2018 11:24

Til: Finden Svenn Egil <svenn.finden@vegvesen.no>

Emne: Atløysambandet vidare planlegging

Hei

Har ein komme lengre i denne saka?

Eg tenkjer på kapasitet, kostnad, samarbeidspartnarar og framdrift. Eg håpar det er mulig å gje litt svar på dette slik at vi kan få laga søknad om forskotering som må behandlast i fylkesutvalet dei har møte 31.05.2018 og eg kunne tenkje meg å få inn søknaden til handsaming på det møte då må ein sikkert ha papira inne i god tid. Planen min vidare er eit oppstartsmøte før ferien på reguleringsplanarbeidet

Ta gjerne kontakt om noko er uklart, som tidlegare sagt så kan vi sende over vår kommunedelplan om det er til noko nytte.

Beste helsing
Ole André Klausen
480 37 285
Ordførar Askvoll

